



## Innkalling og sakliste

<b>Møte/utval:</b>	<b>Strategisk samarbeidsutval</b>	
<b>Møteleiar:</b>	<b>Tanja Thalèn</b>	
<b>Referent:</b>	<b>Oddvar Marøy</b>	
<b>Møtenummer:</b>	<b>3/2023</b>	
<b>Dato:</b>	<b>20.09.23</b>	
<b>Tid:</b>	<b>10.00 – 15.30</b>	
<b>Stad:</b>	<b>Fysisk</b>	
<i>Vara medlemar møter berre ved særskilt innkalling.</i>		
<b>Namn</b>	<b>Tittel</b>	<b>Møtt</b>
<b>LSU Volda</b>		
Ottar Røyset	Leiar LSU Volda Kommunalsjef Hareid kommune	X
Mona Ryste, <b>Leiar Strategisk samarbeidsutval</b>	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus	Forfall
<b>LSU Ålesund</b>		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	Forfall
Jørn Åge Longva	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	X
<b>LSU Molde</b>		
Tanja Thalen, <b>Nestleiar Strategisk samarbeidsutval</b>	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	X
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Kvalitetsrådgjevar, Klinikk SNR Molde sjukehus	X
<b>LSU Kristiansund</b>		
Geir Nilsen	Nestleiar LSU Kristiansund Enhetsleder helse og familie Aure kommune	X
Gudrun Karlsen	Leiar LSU Kristiansund klinikk SNR	X
<b>Brucarrepresentant kommune</b>		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeininga)	X
<b>Brucarrepresentant helseføretak</b>		
Paula Næss Skår	Leiar Brukarutvalet HMR	Forfall
<b>Fastlege/PK</b>		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga	X
<b>Fast vara fastlegar/PK</b>		
Thilde Svela	Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	X
<b>Observatør Statsforvaltaren</b>		
Grethe Teigland	Direktør Helse- og sosialavdelinga	Forf



## Innkalling og sakliste

Felles samarbeidssekretariat		
Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR, Felles samarbeidssekretariat	X
Karethe K. Aam	Rådgjevar i samhandlingsseksjonen HMR HF	Forfall
	Samhandlingskoordinator ROR	
Bjørn Buan	Samhandlingskoordinator Nordmøre (NIPR) kommuneoverlege Surnadal Kommune	X
Bodil Haugen Våge	Samhandlingskoordinator/ leiar Felles samarbeidssekretariat Rådgjevar Ålesund kommune	X
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre SR og 7 stjerna	X

## Sakliste

Sak nr.	Sak	Ansvarleg
(10.00)	Tanja Thalen ønske velkomen før kort presentasjonsrunde.	Tanja Thalèn nestleiar av strategisk samarbeidsutval
23/23 (10.00 - 10.10)	<p><b>Godkjenning av innkallinga.</b></p> <p><b>Innmelding av eventuelt saker.</b></p> <p><b>Godkjenning av referat frå førre møte -Sjå referat <a href="#">HER</a></b></p> <p><b>Vedtak :</b></p> <p>Innkalling godkjent. Referat godkjent. Ingen eventuelt saker meldt.</p> <p>Tanja Thalen er vikar for leiar SSU, Mona Ryste, men må sjølv fratre i siste del av møtet. Leiing av møta skal som prinsipp gjerast av valde medlemar til SSU, og møteleiing skal fortrinnsvis avklarast før møtet.</p> <p>Forslag om å rokkere rekkefølge av innlegga som kjem etter lunch, slik at vedtakssakene kjem først.</p> <p><b>Vedtak :</b></p> <p>SSU godkjenner at Trude Solenes overtek leiing av møtet når Tanja Thalen fratrer frå kl 1400.</p>	Tanja Thalèn



## Innkalling og sakliste

<p>24/23 (10.10 - 10.40)</p>	<p>Orienteringssak: <b>Status ny samarbeidsavtale og arbeidet i Forhandlingsutvalet.</b> Gjennomgang av utsendt sak, sjå også <a href="#">PP-presentasjon</a> som vert vedlagt referat. Forhandlingsutvalet er i gang med sitt arbeid og fyl oppsett framdriftsplan. Stian Endresen er vald til å leie forhandlingane. Han var og med sist samarbeidsavtalen skulle reviderast.</p> <p><b>Vedtak :</b> SSU tek informasjon om status frå arbeidet med revisjon av samarbeidsavtalen mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal HF til vitande.</p>	<p>Oddvar Marøy</p>
<p>25/23 (10.40 - 11.10)</p>	<p>Vedtaks- og drøftingssak: <b>Innmelding av saker til Helsefelleskap Møre og Romsdal - innmeldingsskjema og retningslinje for å melde inn saker.</b> Drøfting av retningslinje med mål om å motivere til deltaking i og melding av aktuelle saker til behandling i overordna organ i helsefelleskapet. I forslaget ligg ynskje om å ha lav terskel for å melde saker og ha effektiv saksbehandling i ein god struktur. Det er utarbeidd retningslinje for melding av saker, men uavklara kven som kan melde og kva formkrav som skal nyttast. Brukar- og fastlegerepresentantar er og målgruppe. Ikkje avklara om ein skal leggje til rette for at alle innbyggjarar skal kunne melde saker?</p> <p>Viser til saksframlegg med retningslinje og skjema. Framlegget går til høyring i FSU og LSU for innspel. Frist for tilbakemelding vert 12.11.2023 og kan endeleg behandlast i SSU-møte 22/11-2023.</p> <p><b>Vedtak:</b> SSU tek forslaget til etterretning og ber samarbeidssekretariatet innarbeide innspill fra SSU i et bearbeidd forslag som sendes ut til LSU og FSU for ytterligere innspill innen et endelig vedtak fattes.</p>	<p>Bjørn Buan</p>
<p>26/23 (11.10 - 11.50)</p>	<p>Orienteringssak – dialog: Årshjul Helsefelleskap Møre og Romsdal 2024</p>	<p>Bodil Haugen Våge</p>



## Innkalling og sakliste

<p><b>Eventuell sak 28/23</b></p>	<p>Med mange samarbeidspartar vert det behov for samordning gjennom kjennskap til kvarandre sine møteplanar. Difor behov for å lage eit føreseieleg århjul tilpassa andre samarbeidspartar.</p> <p>Utvida samarbeidsmøte på hausten har brukt ligge til KS sitt haustmøte.</p> <p>Teamsmøta til SSU bør leggast til tidsrommet frå kl 1200 til 1530</p> <p>Fysiske møte i tidsrommet 1000 til 1530</p> <p>Møteplan SSU 2024        Onsdag 24. Januar 2024        Onsdag 13. Mars 2024 (Fysisk møte)        Onsdag 12. Juni 2024        Onsdag 11. September 2024 (Fysisk møte)        Onsdag 16. Oktober 2024</p> <p>Møteplan Partnerskapsmøte 2024        Onsdag 15. Mai 2024</p> <p>Utvida samarbeidsmøte i oktober eller november 2024 – i tilknytning til KS Møre og Romsdal sitt haustmøte.        Sekreteriatet tek kontakt med KS for avklaring av dato.</p> <p><b>Vedtak :</b>        SSU tek møteplanen for 2024 til vitande.</p> <p><b>Eventuellsak:</b>  <b>Sikkerhetspsykiatri</b> – SSU har bedt FSU psykiatri om å utarbeide og fylgje opp sak som skal behandlast i utvida samarbeidsmøte til hausten. SSU er bekymra for om FSU gjennom si samansetting kan leggje fram løysingar/tiltak som har nødvendig forankring i begge helsenivåa. Gjeld både faglege spørsmål, økonomi og personell. Behov for avklaring av juridiske spørsmål om lovheimel for ulike former for oppfølging/vakthald. Forslag om å invitere leiarar frå sikkerhetspsykiatri i Ålesund og Molde og sentrale repr frå kommunane.</p> <p><b>Vedtak :</b>        SSU ber samarb.sekreteriatet gjere avklaringar med FSU for førebuing av sak til Felles samarbeidsmøte 2023.</p>	
<p>(11.45 - 12.30)</p>	<p>LUNSJ</p>	



## Innkalling og sakliste

27/23 (12.30 - 15.30)	<p><b><i>IKT-løysingar og digitalisering:</i></b>  <b><i>Kva skjer i kommunar og helseføretak - kva kan og bør ein samarbeide om og helsefelleskapet si rolle? Konsekvensar for handlingsplan?</i></b>  <b><i>Innleiarar - spørsmål - dialog:</i></b></p> <p>Ca. 1230-13.20: Fagleg samarbeidsutval for IKT-løysingar og elektronisk samarbeid, refleksjonar knytt til utvalet si rolle og oppgåver i eit samhandlings-perspektiv v/Odd Arne Maridal</p> <p>Vurderer endring av namn på FSU'et som meir samsvarer med fokusområdet i dag. Utvalet har og trekt inn nye ressurspersonar for å dekke spennet i oppgåver. SSU føreset at andre deltakarar ikkje har status som ordinær medlem då dette ikkje er i tråd med samarbeidsavtalen mellom kommunane og helseføretaket.</p> <p>Samarbeider tett med Digi-Møre om e-helse.</p> <p>Det er i dag mange nettverk som arbeider parallelt med IKT-utvikling og som samarbeider på tvers i dag. Utviklinga går fort med stadige endringar. Utvalet har særleg fokus på dei prioriterte pasientgruppene.</p> <p>Saknar ei plattform som er enkelt tilgjengeleg der arbeid med IKT satsing kan synleggjerast og ein lett kan finne informasjon. I dag nyttast HMR si nettside om samhandling.</p> <p>FSU treng eit utvida mandat for kunne samordne behov og lokale tiltak med aktuelle ikt-aktørar på begge helsenivåa i M&amp;R. SSU vert utfordra til å justere mandat og samansetting av utvalet, samstundes som det er behov for å ha rammer for arbeid til utvalet som del av helsefelleskapet sitt arbeid.</p> <p>(Sjå eigen <a href="#">PP-presentasjon som er vedlagt</a>)</p> <p>13.10-13.45: Ansvar og roller for fastlegar og kommunale helse- og omsorgstenester når sjukehuset satsar på meir heimesjukehus og digitale poliklinikkar? v/Stian Endresen</p> <p>E-konsultasjonar eksisterte ikkje for 3 år sidan. HMR vedtok under pandemien at 30 % av alle konsultasjonar skulle vere digitale.</p> <p>E-konsultasjon og digital heimeoppfølging vert stadig oftare eit alternativ til fysiske konsultasjonar.</p> <p>Stort behov for opplæring både i kommunar og i sjukehus på bruk av e-dialog med pasientar.</p>	
-----------------------------	--	--



## Innkalling og sakliste

	<p>Kva fordel har ein ved satsing på e-helse ?        Kven tener på e-helsetiltak og kven tek kostnadane ?        Stort behov for plan og styring over utviklinga. Fastlegane og kommunane må inviterast med når HMR lagar nye pasientforløp !        Pasientane må høyrast om kva form for konsultasjon dei ynskjer!        Er e-helse for alle ? Kva med dei som av ulike grunnar ikkje har utstyr eller t.d har kognitiv svikt ?        Kommunane må bu seg på å ta over nye oppgåver !        (Sjå eigen <a href="#">PP-presentasjon som er vedlagt</a>)</p> <p>Ca.13.50-14.35 Kvalitetsarbeid, utvikling og anskaffelse i høve velferdsteknologi i Ålesund kommune v/ Stian Nesseth Busæt og Helene Østrem        Store utfordringer med å samle Nye Ålesund i eitt felles løft retta mot velferdsteknologisatsinga i kommunen.        Orientering om innføring av Helseplattformen i Ålesund kommune. (Sjå eigen <a href="#">PP-presentasjon som er vedlagt</a>)</p> <p>Ca.14.45-15.30 Digitale tenester i HMR om <i>HMR Nær</i>, v/Odd Arne Maridal        Tverrfagleg samarbeid internt i HMR.        Satsar på å jobbe mot 10 ulike pasientforløp, sjå PP-presentasjon "<a href="#">Digitalisering HMR</a>"        Kommunane og fastlegetenesta har ikkje vore del av arbeidet, men HMR ynskjer no å få kommunane med.        Fokus på behovsstyrte konsultasjonar.        Nokre prinsipielle spørsmål/problemstillingar :        Tek kontrollregima i helsetenestene ein for stor del av tilgjengeleg tid / ressursar ?        Digitale tenester utfordrar inntektsmodellen til helseføretaka.        Kven har oppfølgingsansvar for pasientar som får e-helsetilbod frå sjukehuset? Vil dette ligge hos HMR eller hos fastlegen ?        Påstand : Digitale helsetenester og behovsstyrte konsultasjonar, t.d gjennom digital heimeoppfølging, vil kunne gje meir likeverdige tenester.</p> <p>Stian Endresen la fram alternative forslag til vedtak for vidare oppfølging. Det vart ikkje fatta vedtak i saka, men</p>	
--	--	--



## Innkalling og sakliste

	<p>SSU ber samarbeidssekretariatet gjere ei oppsummering på grunnlag av vedtaksframlegga.</p> <p>Etter drøfting i sekretariatet 4/10-23, saman med leiar for SSU tilrår ein slik oppsummering frå møtet:</p> <p><b>SSU ber dei fire LSU'ane vurdere om ein har riktig bruk av digitale konsultasjonar, velferdsteknologi og digital heimeoppfølging for dei fire prioriterte pasientgruppene.</b></p> <p><b>Saka vert teken til endeleg handsaming i komande SSU-møte.</b></p>	
15.45	Vel heim!	